



Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

Multiconsult
v/ Pia Petersen
pia.petersen@multiconsult.no

19.10.2020

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):
40-20

Omsyn til villrein i samband med rehabilitering av dam Fitvatnet - Tafjord kraft

Multiconsult har kontakta villreinnemnda i samband med planlegging av rehabilitering av dam ved Fitvatnet (tilhøyrrer Tafjord kraft). Det er eit mindre tiltak på sjølve dammen. Det inkluderer å køyre inn ei gravemaskin. Utstyr elles blir frakta inn med helikopter.

Vurdering:

Området rundt Fitvatnet er i NINA-rapport 643 registrert som barmarksbeite for villrein. Dei siste åra har det vore lite med villreinobservasjonar i dette området.

Villrein er generelt meist robust mot forstyrring på hausten. I vinterbeiteområder og kalvingsområder bør ein unngå forstyrring. For villrein vil det ha minst konsekvensar med anleggsarbeid i perioden juli - oktober. Dette er truleg og den perioden da det kan vere snøfritt og forholda ligg til rette for anleggsarbeid.

Villrein i Reinheimen-Breheimen har avgrensa arealbruk. Det er ynskjeleg at den i større grad tek i bruk gamle leveområder. Av den grunn er villrein som eventuelt skulle opphalde seg i nærleiken av Fitvatnet verdifull. Dersom det blir oppdaga villrein i nærleiken av anleggsområdet er det viktig med avbøtande tiltak for å unngå å skremme reinen unødig. Aktuelle avbøtande tiltak er til dømes midlertidig stans i anleggsarbeidet.

Villreinnemnda ynskjer at det blir oppretta eit nært samarbeid mellom villreininteressene og Tafjord Kraftproduksjon AS i anleggsfasa med varslingsrutinar om villrein i området. Det er normalt Reinheimen-Breheimen villreinutval v/ Knut Granum (tlf: 91795303) som til ein kvar tid har best oversikt over villreinen sin arealbruk.


Innkjøring av gravemaskin og utstyr bør skje frå nordvest. Det er kortare avstand og ein køyrer gjennom eit område der det er mindre sjans for å forstyrre villrein enn om ein skulle køyre frå søraust (t.d. Hamsevikje).

Vedtak:

- Anleggsaktivitet i perioden juli-oktober.
- Innføre varslingsrutinar om villrein i tiltaksområdet mellom Tafjord Kraftproduksjon AS og Reinheimen-Breheimen villreinutval v/ Knut Granum (tlf: 91795303).
- Det skal bli gjennomført avbøtande tiltak som til dømes midlertidig stans i anleggsarbeidet dersom det blir oppdaga villrein i nærleiken (i synsavstand) av anleggsområdet.
- Innkøring av maskinar og utstyr frå nordvest.

Helsing

Johan Berge
Leiar


Tor Taraldsrud
Sekretær